

## Referat FAU 17. oktober 2019

Til stades: Gøran Andreas Gustafsson (4b), Ludvig Knutsen (5a), Magnus Larsen (3b), Bodil Solberg (1a), Knut Terje Stava (5b), Janne-Marit J. Åkset (4a), Anne B. Ånensen (2a), Kathrine Å. Ceballos (7b) og Hege Mæhle (rektor) med på 1.møtet.

7 klassar var ikkje representerte.

### Sak 5/19      **Oppgåva til FAU**

Alle føresette på Grindhaug er medlem av foreldrerådet. Ein representant frå kvar klasse utgjer FAU (foreldrerådet sitt arbeidsutval). FAU skal jobba for fellesinteressene til foreldra og medverka til at foreldra samarbeider om å skapa eit godt skulemiljø og eit godt samarbeid mellom heim og skule.

### Sak 6/19:      **Konstituering**

Kathrine Sletten (6b) held fram som leiar for FAU. Me er fornøgde me at dette skapar god kontinuitet for FAU arbeidet. Anne Brubakk Ånensen blei valt til nestleiar og sekretær. Ludvig Knutsen blei kasserar.

Hege Mæhle, rektor, skriv det 1.referatet.

### Sak 7/19:      **Val til SU og SMU**

Kathrine Sletten og Anne Brubakk Ånensen vart valde til SU (Samarbeidsutvalet) og SMU (skulemiljøutvalet).

Knut Terje Stava blei den ekstra representanten i SMU. Magnus Larsen vart vara til SU og SMU.

### Sak 8/19:      **Skuleruta – endringar**

Det blir eit par endringar i skuleruta. 27. januar blir skuledag, mens 17.april blir fridag for elevane. I tillegg kjem ein avspaseringsdag for kveldsarrangementet me skal ha 6.mai. Denne dagen er ikkje fastsett enno.

### Sak 9/19:      **Beintøft – premiering frå FAU**

FAU bestemte seg også dette året for å gi ein pengesum til den klassen som er flinkast til å gå eller sykla til skulen. FAU vedtok å gi 100 kroner per elev i klassen. I Karmøy går Beintøft over 15 veker.

### Sak 10/19:      **Eventuelt**

- Økonomi – oversikt økonomi og disponering av konto må overførast til ny kasserar.

- FAU etterlyser meir lys på skuleplassen etter at det blir mørkt. Særlig ballbingen og jungelen treng lys på ettermiddag- og kveldstid.  
Rektor undersøker om me kan «arva» lampar/lyskastarar frå Åkra IL når dei no skal få nytt.

Referent for FAU 27.10.19

Hege Mæhle,  
rektor